



# Lærdal kommune

## Sakspapir

Saksnr.	Utval	Møtedato
210/20	Formannskapet	19.11.2020

Sakshandsamar: Monika Lysne	Arkiv:	Arkivsaksnr. 20/567 - 15
-----------------------------	--------	--------------------------

### **Kommunedelplan for Klima, energi og miljø 2021-2030 - utlegging til offentlig ettersyn**

#### **Kort samandrag:**

Administrasjonen har utarbeida framlegg til ny Kommunedelplan for Klima, energi og miljø 2021 – 2030 med handlingsdel, som kan leggjast ut til offentlig ettersyn og høyring.

#### **Rådmannen si tilråding:**

Formannskapet vedtek å leggja framlegg til Kommunedelplan for klima, energi og miljø 2021 – 2030 med handlingsdel ut til offentlig ettersyn og høyring, i medhald av Plan- og bygningslova § 11-14.

#### **19.11.2020 Formannskapet**

#### **Røysting:**

Tilrådinga frå rådmannen vart samrøystes vedteken.

#### **FS-210/20 Vedtak:**

Formannskapet vedtek å leggja framlegg til Kommunedelplan for klima, energi og miljø 2021 – 2030 med handlingsdel ut til offentlig ettersyn og høyring, i medhald av Plan- og bygningslova § 11-14.

#### **Vedlegg:**

Høyringsutkast - Kommunedelplan for klima, energi og miljø 2021 - 2030

Høyringsutkast handlingsdel

Fråsegn til Kommunedelplan for klima, energi og miljø for Lærdal kommune - oppstart av planarbeid og planprogram til offentlig ettersyn

Innspel til Kommunedelplan for klima, energi og miljø

Høyringsuttale - Kommunedelplan for klima, energi og miljø 2021 - 2030, oppstart av

### **Relevante dokument i saka**

Planprogram for Kommunedelplan for klima, energi og miljø 2021-2030.

### **Aktuelle lover, forskrifter, avtaler m.m.**

Plan- og bygningslova § 11-14.

### **Saksutgreiing**

Kommunestyret vedtok Kommunal planstrategi for 2016 -2020 i februar 2017, og vedtok med

denne at energi- og miljøplanen frå 2007 skulle reviderast i planstrategiperioden.

Kommunestyret vedtok oppstart av dette planarbeidet i møte 03.09.2020 og vedtok

samstundes å leggja framlegg til planprogram ut til offentlig ettersyn. Planprogrammet vart vedteke i kommunestyret 05.11.2020.

Klimakoordinator har utarbeida framlegg til Planprogram og høyringsutkastet til Kommunedelplan for klima, energi og miljø. Ho har hatt med seg ei arbeidsgruppa i dette arbeidet. Arbeidsgruppa har vore sett saman av representantar frå ulike einingar i kommunen og er same arbeidsgruppe som arbeidar fram Grøne Lærdal-prosjektet. Framlegg til høyringsutkastet har vore gjennom ein breid medverknadsprosess over sommaren og hausten 2020 og varslingsbrev om oppstart av planarbeidet har vore sendt ut til lag- og organisasjonar, Råd for eldre og menneske med nedsett funksjonsevne, nabokommunar, Barnerepresentant, offentlege myndigheiter og internt i kommunen. Dei innkomne merknadane vart handtert i sakshandsaming for planprogrammet, og er elles innarbeida i kommunedelplanen i stor grad.

Klimakoordinator har informert om planarbeidet og henta inn munnlege og skriftlege innspel slik:

- på medverknadsdag i 10. klasse
- i fleire møte med Internt planforum (med sakshandsamar frå alle einingar i kommunen)
- på leiarmøte internt i organisasjonen
- i møte med Råd for eldre og menneske med nedsett funksjonsevne
- på inspirasjonskveld for arrangørar av ulike arrangement i Lærdal
- på ope kulturarrangement om forbruk i kulturhuset
- i møte med Lærdal Bondelag
- på næringskafe i regi av Lærdal Næringsutvikling
- i digitalt møte med Vestlandsforskning (v/Martha Karoline Jansen) om klimatilpassing
- på medlemsmøte med Lærdal Arbeiderparti.

På fleire av desse møta/arrangementa har det vore gode drøftingar, gruppearbeid og liknande for å hente inn innspel til planarbeidet og arbeidet med «Grøne Lærdal». Det har såleis vore ein breid prosess for å koma fram til tiltaka som er sett opp i handlingsdelen i planen.

Administrasjonen har nytta både heimeside, kommunen si Facebook-gruppe og bladet Helg & Kvardag for å informere om planarbeidet og innhente innspel. I tillegg har klimakoordinator delteke på arbeidsmøta for areldel-prosessen i kommunen, slik at tiltaka vert samordna i dei overodna planane.

### **Vurdering**

Administrasjonen vurderer at medverknadsprosessen for planarbeidet har vore uvanleg breid og omfattande. Det å ha ein eigen person som er dedikert dette temaet, og dette planarbeidet, har gjort til at klima-temaet har vorte mykje meir i fokus i heile kommunen dei siste månadane. Klimakoordinator har lyfta fram visjonen «Grøne Lærdal» i mange samanhengar, og har utfordra mange ulike lag og organisasjonar, etatar og einingar og enkeltpersonar til å koma med framlegg på ulike tiltak som kan gjera Lærdal til ei «grønare» bygd. Arbeidet starta i juni, og det har jamt vore møte og verkstadar eller gruppearbeid i dei påfølgjande månadane.

Administrasjonen meiner framlegg til Kommunedelplan for klima, energi og miljø 2021 – 2030 er godt forankra, og har vorte til gjennom ein god planprosess. Tiltaka i planen rår dei fleste einingane i kommunen, innbyggjarane, politikarar og lag og organisasjonar, så det er svært viktig å leggja til rette for stor og brei medverknad også i høyringsperioden. Det ligg til rette for å leggja planen ut til offentleg ettersyn og høyring.